

Møtedato: 12.02.2026

Møtestad: Bremnes ungdomsskule (BUS)

Tid: 19:00

Til stades: Christin Klubben (rektor), Kari F. Folgerø, Elisabeth Haugen, Hilde Hoff, Tom Larsen, Turid Meanger, Silje Seth Hildrestrand, Karl Petter Økland, Aile Hidle Sahr

Forfall: Aina Corinne Opedal, Anton Fjodorov, Ida Sjøvangen Steinsland, Linda Nordtun, Synne Halleraker, Liv Tori Selle, Steinar Sætre

Møtet starta med at rektor orienterte om SU møte tidlegare på dagen og den økonomiske situasjonen til skulen, deretter gjekk FAU gjennom sakslista.

- Dato for vitnemålsutdelinga er endra grunna fellessensur 18 juni. Dette er likt for alle ungdomsskulane, og lite BUS kan påverke.
- 10. trinn var på teatertur sist veke. Det er kommen kommentar frå foreldre om utfordringar rundt logistikken då transporten skulle gå før skulebussane var framme. Rektor bringer dette vidare.
- Mykje bruk av isen den siste tida, både ved vassbassenget, men og Storavatnet. Elevar med isbading i friluftsliv denne veka. ROS-analyse vart gjennomført i forkant.
- Høyring for skuleruta kjem snart, FAU er høyringsinnstans.
- Nye skjermråd for foreldre
 - o Helsedirektoratet sine daglege råd for ungdom mellom 13 og 18 år er maks 1,5 – 3 timar per dag på fritida.
 - o Nye nasjonale anbefalingar for 8-10 trinn – krav til filtrering av iPad og PC'ar. Dette er filter som skal blokkere for skadeleg innhald.
- BUS får statlege midlar til praktiskskulen. Uteområdet er ikkje med inn i kommuneplanen. Den økonomiske situasjonen til kommunen påverkar også skulens budsjett, og det medfører prioriteringar. Garasje med elevutstyr må prioriterast. Gapahuk står framleis på ønskelista til skulen, spørsmål om FAU kan bidra på nokon måte her.
- «Ordet fangar» er hovudsakleg eit inkluderingsprosjekt og ein kampanje på Bømlø som fremjar respekt og førebyggjer rasisme og hatefulle ytringar gjennom ti køyrereglar. Dette er eit prosjekt kommunen har fått midlar til og ei kommunal prioritering. Alle klassar skal få det presentert før påske.

Sak 01/2026 – Gapahuk - budsjett

FAU ynskjer å jobbe for at BUS skal kunne realisere prosjektet Gapahuk, og er einige om bidra så mykje som mogleg. FAU kan søkje midlar, spør lokale firma om spons m.v.

FAU treng å vite meir om kostnader knytt til prosjektet, kva storleik/utforming som er tenkt, samt om det ligg føringar for kva ein har lov til å setje opp, kven som kan utføre det osv. Først når FAU har fått den naudsynte informasjonen kan ein gå vidare med prosjektet.

Sak 02/2026 – Økonomi

FAU gjekk gjennom regnskapet. Hovudinntekta til FAU er JOLE, der overskotet vart omtrent 40 000 kr i 2025. Dette er noko høgare enn det som har vore før. Saldo pr. 12.02.2026 er 69 081 kr.

Til no har rektor hatt hand om bankkontoen til FAU, og betalt, overført og ført rekneskap. Det er lite effektivt, og FAU har nok kapasitet til å styre denne sjølv.

For å kunne søke om midlar må FAU registrerast i Brønnøysundsregisteret.

Sak 03/2026 – Elevkveld

Elevkveld som vart arrangert hausten 2025 har fått positive tilbakemeldingar, og FAU stiller seg positive til å gi støtte til fleire slike elevkveldar. FAU gav 3500 kr til leige av lokale, og fekk igjen 2000 kr frå inngangspengane.

Om det er realistisk å få til ny elevkveld i løpet av våren er usikkert. Det bør planleggast ein ny elevkveld til hausten, og satse på fast elevkveld 2 gongar årleg.

Sak 04/2026 – Vinterball

Det skal være vinterball for 10. trinn torsdag 19 februar. Politiet er orientert om arrangementet. Elevrådet har bedd om støtte til ballet. Tidligere har det blitt gitt 1000 kr per klasse. FAU ynskjer å auke dette til 1500 kr pga. generell prisauke dei siste åra. FAU innvilgar derfor 7500 kr.

FAU vil komme med merknad til organiseringa av vinterballet. Det har vore ulike beskjedar i dei ulike klassane, samstundes som informasjon har komme i seinaste laget.

Det er behov for betre kommunikasjon. Eit innspel som vart drøfta på møtet var at FAU kunne stille på første foreldremøte i 10 trinn og informere om kva ansvar som ligg til foreldra, klassekontaktar, FAU osv.

Sak 05/2026 – FAU på Teams

Teams er eit alternativ til betre organisering, meir effektivitet m.m. Rektor vil være behjelpeleg med å sette opp konto.

Sak 07/2026 – Organisering av FAU

Korleis FAU skal organiserast er opp til FAU. Dette vart drøfta på møte og det var semje om at FAU kunne organiserast betre. Styret består av 14 medlemmar. Ved å fordele ansvarsområde håper vi å oppnå meir effektivitet og gjennomføringsevne.

Ansvarsområda er:

1. Økonomi
2. Kommunikasjon
3. Prosjekt
4. Arrangement

Innan neste møte skal fordelinga ver på plass.

Neste møte blir torsdag 9 april kl. 18:00 ved Bremnes ungdomsskule.

Oppgåver:

Sak 01/2026 – Gapahuk

Innan neste møte undersøker økonomi-gruppa kvar ein kan søke midlar og kva fristar som gjeld. Prosjektgruppa kontaktar skulen for å innhente informasjon.

Sak 02/2026 – Økonomi

Kari forsøker å få registrert FAU i Brønnøysundsregisteret til neste møte, og tar kontakt med rektor angående ansvaret for bankkontoen.

Sak 05/2026 – FAU på Teams

Forhåpentlegvis er kontoen oppe å går til neste møte. Ansvar: Kari i samråd med rektor.

Sak 07/2026 – Organisering av FAU

Innan neste møte må dei ulike gruppene lage ein oversikt over kva dei skal jobbe med framover. Dette skal leggst fram og drøftast på neste møte.

Møtet vart avslutta 21:00

Referent:

Aile Hidle Sahr